EN HILSEN FRA

# TBV

Trygve Bjerkrheims venner





Velkommen til sang-møte og årsmøte
SIDE 3

Årsmøte og program
SIDE 8

Ny TB-sangbok
SIDE 4, 13 OG 16

MELDINGSBLAD FOR MEDLEMMER NR. 13 – MARS 2018



Elisabeth Lillebø Sæth (41) fra Vanylven på Sunnmøre. Bor utenfor Birkeland på Sørlandet sammen med mannen Jostein og barna Lydia og Simone. Jobber i Norea Mediemisjon med ansvar for Noreas kvinnearbeid, Håpets kvinner.

# – Bjerkrheims sanger har fulgt meg hele livet

**– Allerede som liten var jeg glad i mange av Trygve Bjerkrheim (TB) sine sanger.**
**Mors foreldre var nære venner av Bjerkrheim, så sangene hans har fulgt meg hele livet, forteller Elisabeth Lillebø Seth, som selv har satt melodier til flere av TBs tekster.**
**På sang-møtet og TBV-årsmøtet i Kristiansand 8. april får vi høre Elisabeth synge flere av sine nye TB-melodier.**

Foto: Linda Torkelsen/Norea

→

# – BJERKRHEIMS SANGER HAR FULGT MEG HELE LIVET




**Elisabeth Lillebø Sæth arbeider også med sang og musik i sitt arbeid i Norea. Elisabeth Lillebø Sæth har selv satt melodier til flere av TBs tekster som også kommer med i den nye sangboka, som kommer ut i sommer.**

Elisabeth har flere ”slektskap” og gode minner til Bjerkrheim og sangene hans.

– Min onkel, Reidulf Lillebø, har komponert mange melodier til hans sanger, og flere av dem har jeg mange gode minner knyttet til. Da jeg på ungdomsskolen skulle velge særemne i norsk, ble det helt naturlig for meg å velge Trygve Bjerkrheim. Jeg husker enda gleden og stoltheten over at jeg fikk mitt eget dikt av ham, skrevet med den karakteristiske grønne pennen. Jeg kan ennå sitere det første verset, 25 år etter. De tekstene jeg først ble kjent med av TB, var de kjente sangene som «Takk at du tok mine byrder» og «Han tek ikkje glansen av livet». Etter hvert har jeg også oppdaget flere andre dikt han skrev. Det store fembindsverket som ble gitt ut med hans tekster er virkelig ei gullgruve.

**– Hva er det du først legger merke til med tekstene hans?**

– Det jeg først fascineres av ved tekstene til Bjerkrheim er hans kjærlighet til Gud og hans frelsesverk- og til skaperverket. Han beskriver også så vakkert Guds omsorg, og ofte synes jeg han setter ord på mange ting som jeg også kan kjenne på.

**– Du har selv satt melodier til flere av TBs tekster som også kommer med i den nye sangboka. Hvordan har det vært?**

– Det var en veldig kjekk utfordring å få. Mine første erfaringer med å komponere musikk, var å lage nye melodier til sangboksanger i slutten av tenårene, før jeg gikk over til å skrive egne sanger. De siste årene har jeg mer og mer oppdaget verdien av å kunne sette melodier til livsvisdom som allerede er skrevet ned. Jeg klarer knapt å se et dikt uten at det kommer en melodi i hodet mitt. Dessverre blir de svært sjelden skrevet ned. Derfor har det vært så kjekt å kunne få gode tekster å lage melodier til, og bli utfordret på å skrive ned melodiene på noter.

**– Er det en TB-sang du har et spesielt forhold til?**

Jeg har blitt veldig glad i sangen «Han har omsorg». Det å kunne minne seg selv og hverandre om at vi har en Gud som ser oss, og som bryr seg om oss - og den situasjonen vi er i, er så verdifullt for meg. Trygve Bjerkrheim hadde erfart at Gud har omsorg for sine barn. Da er det med takknemlighet jeg har fått sette «vinger» på hans ord, over et halvt hundre år etterpå, og kjenne at det han skrev da, er like aktuelt i dag.

**K. E.**



Innkalling og sakliste:

# Velkommen til årsmøte i Kristiansand 2018

**For første gang kan vi i år ønske velkommen til TBV-årsmøte 8. april i Misjonshuset, NLMs senter i Kristiansand, adressen er Kristian IVs gate 35 i sentrum. Først er det TB-sang-møte kl. 11.00. Vi fortsetter med bevertning - og vi håper mange vil stanse igjen (for vi har mat nok til alle!) - og være med på årsmøtet som fortsetter med mer TB-sang og kåseri rett etter bevertningen – ca. kl. 13.30.**

**Hjertelig velkommen til sang-møte og årsmøte i TBV i Misjonshuset, Kristiansand, søndag 8. april fra kl. 11.00! Fullt program for helga side 8 og 9.**

**SAKSPAPIRER TRYKT HER I BLADET:**

- Innbydelse/innkalling og sakliste
- Årsmelding
- Regnskap (og revisjonsberetning legges fram på årsmøtet)

Vi håper at mange "nye" vil ta veien til sang-møtet og årsmøtet i Kristiansand. Du er selvsagt velkommen til å få med deg TB-konserten også i Misjonssalen i Grimstad lørdag 7. april kl. 18.00!
I TBV har vi mye viktig på gang. Takk for at du vil støtte dette arbeidet!

Bare møt opp – det vil bli mat nok til alle - søndag ca. fra kl. 12.30!

**SAKLISTE TIL ÅRSMØTET:**

1. Godkjenning av innkalling
2. Konstituering – valg av dirigent, referent og to til å skrive under årsmøteprotokollen.
3. Årsmelding 2017
4. Regnskap og revisjonsberetning 2017. Revisjonsmelding deles ut på årsmøtet.
5. Valg av:
   - Formann – for to år.
   - Tre styremedlemmer - for to år.
   - To vararepresentanter til styret – for ett år.
   - Gjenværende i styret: Sigrid Karine Belt, Askøy, Ragnar Dirdal, Ålgård, Anne Grethe Kviserud, Oslo.
   - De som går ut, men alle stiller på nytt: Norveig Eikeland, Arnt Thyve og Harald Myklebust, Aud Jorunn Birkedal Aas (vara).
   - Valgnemnda vil legge fram endelig forslag til valg av formann, styrekandidater og vararepresentanter (for ett år) på årsmøtet.
   - Revisor og vararevisor - for 2017. Styret foreslår: Gjenvalg av Oddvar Bø og Juel Østereng som vara.
   - Valgnemnd.
6. Forslag om å redusere antall styremedlemmer fra 7 til 5 representanter
7. Samtale.
8. Eventuelt.

*NB! Årsmøtet har anledning til å komme med benkeforslag til alle valg, men foreslåtte må være spurt på forhånd.*

Hjertelig velkommen til årsmøtet!

Med vennlig hilsen
Kåre Ekroll, Formann TBV



HARALD MYKLEBUST HAR VORE MED Å UTARBEIDE DEN NYE TB-SONGBOKA:

# Den GRØNE poeten

**Grønt står for berekraft og det gode miljøet. Trygve Bjerkrheim (1904 - 2001), kjent for sin grøne penn, teolog, redaktør og forfattar, speglar i sine 1000-vise dikt, viser, songar og salmar eit stort mangfald. Dei femner heile menneskelivet med alle sine fasettar i mellommenneskelege relasjonar - for ikkje å snakke om naturnære skildringar av alt det Gudskapte vi får leve i, nyte og fryde oss over.**

Av Harald Myklebust

Sist, og ikkje minst, men kanskje først og fremst: Den Kristus-nære poesien som han levandegjer frå dei evangeliske sanningane vi finn i Bibelen.

Guds heilage lov og vilje vert med treffande ordval spunne saman med eit frigjerande Kristus-vitnemål.

Livet med sine nederlag og sigrar, med sine lyse og kvardagsnære sider i eit fint samspel mellom dei vi lever saman med, og dei framande vi møter.

*«Bjerkrheim gir oss ei sentral innføring i Evangeliet sine djupe skattar: Den kjærleiksraude nåden i Jesus Kristus, med ein gudommeleg blå himmel over mennesket med sin uendelege verdi. Kan det bli meir berekraft?»*

Harald Myklebust om den nye TB-songboka

Bjerkrheim får sagt det på ein så enkel og klar måte, ofte med få ord.

Så må hans himmelvendte sinn nemnast, - «dit auga ikkje kan sjå», men som Ordet gir oss svake «bilete» av. Her gir han med sine poetiske vengjer, som både løfter oss opp, men også får himmelen ned og nær, livet meining og mål.

## 160 TONESETJARAR

Her i denne «melodiboka» med meir enn 400 av dikta hans, har vi fått melodiar frå ikkje mindre enn 160 ulike tonesetjarar. Mange melodiar er kjende og kjære, andre er kanskje framande, og ikkje så få er heilt nye. Og her er mange stilartar representerte, frå den klassisk salme-tonen, natur- og nasjonalsongar, vekkings- og lovsongar, til meir moderne tonar i lettare rytmer. Melodiane har så fått ei brukarvenleg akkordsetjing.

Her må leggast til at mange har ulike korarrangement, ja, sågar med instrumentalt tonefylgje, som kan kjøpast i musikkforretningar/forlag.

*«Målet med boka er å inspirere til å bruke desse songane frå ein av våre mest produktive poetar som har rørt ved våre vare, varme og sterke kjensler - i nær sagt alle livs-situasjonar og -fasar.»*

Harald Myklebust om den nye TB-songboka

## INSPIRASJON TIL BRUK

Målet med boka er å inspire til å bruke desse songane frå ein av våre mest produktive poetar som har rørt ved våre vare, varme og sterke kjensler - i nær sagt alle livs-situasjonar og -fasar.

Men kanskje aller mest:

Bjerkrheim gir oss ei sentral innføring i Evangeliet sine djupe skattar: Den kjærleiksraude nåden i Jesus Kristus, med ein gudommeleg blå himmel over mennesket med sin uendelege verdi. Kan det bli meir bærekraftig?



Harald Myklebust, opprinneleg sunnmøring, no pensjonist med bustad på Mjølkeråen, avslutta sitt yrkesaktive liv som høgskolelektor i song og musikk ved NLA Lærarhøgskolen Breisten. Myklebust har vore med i redaksjonen av fleire songbøker tidlegare.

HARALD MYKLEBUST SKAL KÅSERE PÅ TBV-ÅRSMØTET - OVER TEMAET:

# LOV, LOVnad og LOVsong

**Songen skulle syne seg å vere eit sterkt verktøy i den verktøykassa Jesu læresveinar tok med seg når dei gjekk ut i all verda for å gjere alle folkeslag til læresveinar.**

Av Harald Myklebust

Kva er god og velsigna lovsang? Spørsmålet er ikkje nytt, men eldgamalt.

Bibelen, i GT især, har lovsongen vore eit genuint uttrykk både for det personlege gudslivet, men også i tempel-tenesta og i det folkelege livet.

Jesus braut ikkje denne tradisjonen då han t.d. under Skjærtorsdagen sitt måltid ***«song lovsongar»***, og i si djupeste fornedring på korset siterte frå Salmane. Også ved avreisa frå Oljeberget viste han m.a. til Salmane, som det var viktig for han å knyte sine gode og etterlatne læresveinar til: - Her finn de kraft og styrke til å *"Gå derfor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar"* (Matt. 28,19). Songen skulle syne seg å vere eit sterkt verktøy i den verktøykassa dei tok med seg: *"Så gjekk dei attende til Jerusalem i stor glede. Sidan var dei allstøtt i templet og* ***lova og prisa Gud****."* (Luk. 24,52-53)

## SONGEN OG SALMEN "NED" TIL FOLKET

Kyrkjemusikken har prøvt å vidareføre og vidareutvikle ulike former for denne songen heilt fram til i dag. Etter Luthers reformasjon vart songen og salmen ført "ned" til folket, den vanlege mann og kvinne, som fekk kome til uttrykk både poetisk og som tonesetjarar og musikarar etter sine naturgivnader og nådegåver. Især kom dette opp då evangeliet si vekkande frelses- og livskraft fekk vekse fram - t.d. i metodismens song-bevegelse. Både frå England og Sverige, og seinare frå USA fekk vi innførsel av varme evangeliske songar og hymner, ja, lovsongar, - i tillegg til våre eigne songar og salmar. Frå Danmark fekk vi salmar frå Kingo, Brorson og Ingemann m.a. Og vi kan nemne våre eigne i hopetal.

Men her, og aller helst: **Trygve Bjerkrheim.**

Utfrå emnet: *«LOV, LOVnad og LOVsong»* skal vi stoppe opp for under TBV sitt årsmøtet i Kristiansand 8. april i år. Der vil vi m.a. løfte fram arbeidet med ei songbok berre med TB sine tekstar, og med nye og gamle melodiar frå omlag 160 komponistar til meir enn 400 av dikta hans.

*«Årets melodi- og songbook»*

*– over eit fantastisk forfattarskap av 1900-tallets STØRSTE (?) bedehus-, misjons-, folkelivs- og natur-skildringspoet!*

Harald Myklebust om den nye TB-songboka som kjem ut til sommaren.

# Årsmelding
# Trygve Bjerkrheims venner (TBV) for 2017

## 12. ARBEIDSÅR

I fjor starta vi TBV-årsmeldinga med å melde om historisk sus over arbeidsåret 2016. Då reiste vi minnesteinen over Trygve Bjerkrheim (TB) i den første heimbygda hans, Bjerkreim i Rogaland, og hadde ein minnerik avdukingsfest søndag 30.oktober.

Også i 2017 kan vi skrive om historisk sus. Dette året kjem "susen" av arbeidet med den lenge etterlengta TB-songboka. Arbeidet med å få over 400 songar med melodiar samla mellom to permar, var nære på fullført før vi gjekk inn i 2018. No veit vi at boka kjem ut i løpet av første halvpart av 2018. Vi kjenner så absolutt på at vi med dette arbeidet er i pakt med føremålet i TBV sine vedtekter, der det heiter at - "Foreningens målsetting er å verne om og vedlikeholde den åndelige arv som Trygve Bjerkrheim etterlot seg,"... og ... "å holde Trygve Bjerkrheims diktning og forfatterskap aktuelt og fremme utgivelse og spredning av hans litterære produksjon, herunder salmer og sanger,...".

"Arbeidskomiteen for TB-songboka" – Ragnar Dirdal, Harald Myklebust, Arnt Thyve og Kåre Ekroll, har fått store fullmakter av styret til å fullføre arbeidet med boka. Mange hjelparar har vore i sving. Vilhelm Gravdal har heile tida vore prosjektet sin trufaste sekretær.

Vi har heile tida vore klar over at dette arbeidet både var tidkrevjande, og at det ville koste. Vi er derfor svært glade for at vi på nyttåret -17, fekk ei større gåve til dette arbeidet. Det har gitt oss tru for at vi kunne halde fram og fullføre arbeidet, utan å hefte oss med tidkrevjande innsamlingsarbeid. I dag når vi ser enden av arbeidet, og etter at det er vurdert heile 1070 ulike tekstar med notar og om lag 1560 ulike melodiar, ser vi endå tydelegare kor stor takk vi skuldar givarane til den store gåva til dette arbeidet – heile kr. 200.000,-!

Vi trur at TB sine mange songar – med nye og gamle melodiar, enno har ei Gud-gitt oppgåve mellom folket vårt – både når det gjeld Bjerkrheim si varme formidling av evangeliet og evna hans til å fremje det kristne livet i tru og haldning, også for ein ny generasjon - i mange år framover!

Vi har tru på at dette er ei bok som vil vere verdfull og aktuell for heile det kristne Norge.

Vi har alt starta med å planleggje eit større opplegg rundt lanseringa av songboka.

## ÅRSMØTET 2017

Årsmøtet 2017 blei for første gong halde i Salem, Bergen. Årsmøtet starta kl. 16.00 med påfølgjande servering.

Styret la fram årsmelding, rekneskap og med revisjonsmelding. Årsrekneskapen viste eit underskot på kr. 79.067,-. Både årsmeldinga og rekneskapen blei godkjende utan merknader.

Etter valet, fekk styret følgjande samansetning:
**Formann:** Kåre Ekroll sa seg villig til å stille som formann for endå eitt år og blei vald ved akklamasjon.
**Styremedlemmer:** Desse blei valde (alfabetisk): Sigrid Karine Belt – gjenval, Ragnar Dirdal – gjenval, Anne Grethe Kviserud, gjenval. I 2017 har desse vore i styret: Kåre Ekroll (formann), Ragnar Dirdal (nestformann), Norveig Eikeland (sekretær), Anne Grethe Kviserud (forretningsførar), Harald Myklebust og Arnt Thyve.
Vararepresetantar: Tollef Bjerkreim og Aud Jorunn Birkedal Aas

**Val av revisor:** Oddvar Bø, gjenval - med Juel Østereng som vara.

**Valnemnd:** Finn Kjerpeseth, Ålgård, og Kjell Aardal, Bjerkreim.

## FRÅ SAMTALEN

Harald Myklebust og Ragnar Dirdal orienterte om arbeidet med «TB-Songboka» - og sterkt understreka kor verdfullt det er for den kristne songen, at boka snart vil vere klar. Oddvar Rotvik vart inspirert av innlegga frå dei to, og gav uttrykk for glede både over boka, den store gåva for å arbeide den fram (ei einskildgåve på kr. 200.000,-), og for så mange nye medlemmer i TBV.

## KONSERTAR

Også dette året har TBV arrangert ei rekkje konsertar. I samband med årsmøtet var det også TB-konsert i Salem – der Arne Pareli, Sigrid Karine Belt, Nancy Karine Eikeland Sangolt og Harald Myklebust stod for songen og musikken, medan Kåre Ekroll kåserte om TB sitt liv og forfattarskap. Kåre Ekroll har elles vore med på konsertar på Høybråten, Oslo, 2. februar og Knapstad, Hobøl, 7. mai. Han hadde også ei TB-samling i Sinsen kyrkje, Oslo, 2. mai.

Ragnar Dirdal og Kåre Ekroll arrangerte også konsertar på Fredheim, Hinna, 22. oktober og på Ålgård bedehus 12. november.

Mellom dei som elles deltok på arrangementa med song/musikk, nemner vi følgjande: Hildegunn Saunes Botnen, Grete Olsen, Adelheid Hasenknopf, Odd Kristiansen, Leiv Kåre Aambø, Per Fillip Løkken, Sølvi Olimb, Tove og Einar Bondevik, Bethi Dirdal Jåtun, Unni Hjorthaug, sanggruppa Fredliners, Lars Johan Frøyland, Randi Frøyland, Ingeborg Svenseid, Ida Celine Dirdal,Caroline Dirdal Finn Kjerpeseth og Ragnar Dirdal.




**Minnestøtta av Trygve Bjerkrheim – reist like ved heimen hans i Bjerkreim, vart avduka 30. oktober 2016. TB-relieffet er laga av Pamela Cranner, Riska. Sjølve steinen har Johan Bjerkreim henta i grunnen til TB sin barndomsheim. Det var også Johan som reiste steinen, fundamenterte han og slik gav minnestøtta ei vakker ramme.**
**Foto: Kåre Ekroll**

Det var til dels svært godt oppmøte og god stemning på desse TB-arrangementa!

## NYE MEDLEMMER

Ved dei fleste TB-samlingane har vi både fått kollekten til TBV og teikna nye medlemmer.

Til saman har vi fått 38 nye medlemmer i 2017 (142 i 2016). Ved årsskiftet 2017/18 hadde TBV då 1031 medlemmer.

## HEIMESIDA – www.bjerkrheim.no

Heimesida har dette året vore operert av Bjørnar Lianes. Nettsida blir elles brukt til å kunngjere arrangement og andre aktualitetar frå TBV, men her er plass til meir aktuelt TB-stoff.

## TRYGVE BJERKRHEIMS GAVEFOND (TBG) I LUNDE FORLAG

aldo pr. 01.01.2017 kr. 276.698,70
Overført frå TONO Kr.15.096,38
Overført frå Norsk Musikkforlag kr. 1.316,-
Overført til Lunde Forlag kr. 0,-
Tilførte renter kr. 1,-

Saldo pr. 31.12.2017 kr. 293.112,0

## MEDLEMSBLADET

Medlemsbladet ”Ei helsing frå TBV” kom ut med eitt nytt nummer i 2017 (den 12. utgåva

totalt). I forkant av årsmøtet blei bladet, med innkalling, giro for medlemskontingent og

årsmøteinnkalling, sendt til foreininga sine medlemmer.

## ØKONOMIEN

TBV fekk ein økonomisk god start gjennom eit eigenkapitalinnskot på kr. 50.000. Gjennom fleire positive årsresultat har eigenkapitalen stadig styrka seg. Det er inga målsetting å skape ein større eigenkapital kvart einaste år. Dei to siste åra har vi derfor brukt meir enn som har kome inn. Ved utgangen av 2017 er egenkapitalen på kr. 273.502,-, etter eit overskot på kr. 58.162,-. Den største inntektskjelda er medlemskontingenten, som også i år viser ein god auke. Arbeidet med å samle TB-tekstar og melodiar for å utgi ei ny songbok vil framleis krevje at TBV har evne til å betale det eit slikt prosjekt vil koste. Lunde Forlag som vil gi ut boka, tek berre trykkekostnadene. Alle kostnader med å arbeide fram boka, må derfor TBV bere fullt ut. Vi vonar derfor at medlemmene framleis vil stå med oss, og slik vere med å fullføre dette viktige prosjektet.

## STIPENDORDNING

Styret har annonsert at dei gjerne ser at arkivsamlinga etter Trygve Bjerkrheim blir meir
brukt, og at vi gjerne vil gi økonomisk støtte til arbeid som er med og løfter fram den rike

litterære arven etter Bjerkrheim.

## STYRET

har hatt tre styremøte og handsama 16 saker. Innimellom har ”Arbeidskomiteen for TB-
songboka” hatt fleire fellesmøte og andre samlingar med ymse fagfolk for å fullføre songboka.

**Februar 2018**

**I styret for Trygve Bjerkrheims venner**

Kåre Ekroll, formann
Ragnar Dirdal
Sigrid Karine Belt
Anne Grethe Kviserud
Norveig Eikeland
Harald Myklebust
Arnt Thyve






# Sang-møte

## med Trygve Bjerkrheim-sanger

**i Misjonshuset, Kristiansand, Kristian IVs gate 35**
**søndag 8. april kl. 11.00**

# PROGRAM

## Sang og musikk – der bl. a. disse blir med:

- Prosjekt-koret v/dirigent Torbjørn Krogedal
- Elisabeth Lillebø Sæth
- Sigrid Karine Belt * Arnt Thyve
- Allsang * Andakt
- Kåre Ekroll leder og forteller fra Bjerkrheims liv og forfatterskap

## Ca. kl. 12.30: Bevertning til alle som vil følge årsmøtet!

## Ca. kl. 13.00: Årsmøte for TBs venner

- Mer TB-sang og musikk * Piano v/ Aud Jorunn Birkedal Aas
- Harald Myklebust kåserer over tema: LOV, LOVnad og LOVsong
- Årsmøtesaker

NB! Husk også TB-konserten i Misjonssalen, Grimstad, lørdag 7. april kl. 18.00 (Se eget program side 14)

Arr.: Trygve Bjerkrheims venner – www.bjerkrheim.no

ALLE HJERTELIG VELKOMMEN!

# Trygve Bjerkrheims venner

## RESULTATREGNSKAP 2017

| | | 2017 | | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | | |
| Medlemskontigent (innbetalt) | | 118 250 | Note 1 | 79 750 |
| Gaver | | 2 511 | | 3 550 |
| Kollekter | | 4 587 | | 0 |
| Konsertinntekter | | 13 300 | | 76 911 |
| Salg av bøker og CD | | 1 480 | | 2 685 |
| Gaver sangboka | | 201 000 | | 0 |
| Gaver minnestein | | 300 | | 29 700 |
| Sum driftsinntekter | | 341 428 | | 192 596 |
| **DRIFTSKOSTNADER** | | | | |
| Bøker og CD for salg | | 0 | | 3 950 |
| Årsmøte i TBV | | | | |
| Inntekter | 6 700 | | | |
| Kostnader | 9 875 | 3 175 | | -1 400 |
| TB Songbok | | 6 017 | | 43 794 |
| Minnestein | | 0 | | 58 376 |
| Konsertkostnader | | 13 000 | | 46 258 |
| Annonser | | 18 361 | | 35 315 |
| Kontor-og IT-rekvisita, utstyr | | 2 867 | | 1 620 |
| Porto (inkl. medlemsutsendelser) | | 6 804 | | 8 835 |
| Datakostnader | | 2 385 | | 5 360 |
| Hjemmeside | | 6 125 | | 0 |
| Trykksaker | | 9 546 | | 11 122 |
| Reisekostnader | | 24 809 | | 34 887 |
| Gaver | | 1 014 | | 1 946 |
| Diverse honorarer | | 10 500 | | 20 000 |
| Honorarer sangboka | | 176 050 | | 0 |
| Diverse kostnader | | 3 774 | | 2 840 |
| Gebyrer | | 206 | | 188 |
| Sum driftskostnader | | 284 633 | | 273 089 |
| **DRIFTSRESULTAT** | | 56 795 | | -80 493 |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | | |
| Renteinntekter | | 1 367 | | 1 426 |
| Netto finasposter | | 1 367 | | 1 426 |
| **ÅRSRESULTAT** | | 58 162 | | -79 067 |
| OVERFØRINGER og DISPONERINGER | | | | |
| Overført til annen egenkapital | | -58 162 | | 79 067 |

## BALANSE PR. 31.DESEMBER

| | 2017 | 2016 |
|---|---|---|
| **EIENDELER** | | |
| | | |
| **OMLØPSMIDLER** | | |
| Fordringer | | |
| Medlemskontingent | 2 250 | 8 600 |
| Andre fordringer | 10 787 | 4 253 |
| | 13 037 | 12 853 |
| | | |
| Bankinnskudd og tilsvarende | | |
| Sparebanken Sør | 278 965 | 211 987 |
| Kontantbeholdning | 0 | 0 |
| | 278 965 | 211 987 |
| | | |
| Sum omløpsmidler | 292 002 | 224 840 |
| | | |
| **SUM EIENDELER** | 292 002 | 224 840 |
| | | |
| **EGENKAPITAL og GJELD** | | |
| Innskutt egenkapital mai 2005 | 50 000 | 50 000 |
| Annen egenkapital | | |
| Annen egenkapital 1.1. | 165 340 | 244 407 |
| Årets resultat | 58 162 | -79 067 |
| | | |
| Sum egenkapital | 273 502 | 215 340 |
| | | |
| **GJELD** | | |
| Kortsiktig gjeld | | |
| Skyldig honorar | 18 500 | 9 500 |
| | | |
| Sum kortsiktig gjeld | 18 500 | 9 500 |
| | | |
| Sum gjeld | 18 500 | 9 500 |
| | | |
| **SUM GJELD og EGENKAPITAL** | 292 002 | 224 840 |

Oslo, 31.desember 2017 / 17. februar 2018

I styret for Trygve Bjerkrheims venner

Kåre Ekroll
styreleder

Harald Myklebust    Ragnar Dirdal    Arnt Thyve

Anne Grethe Kviserud    Norveig H. Eikeland    Sigrid Karine Belt

**TVB Regnskap 2017**

## Noter

**Note 1**
**Medlemskontingent**
Det er i årets regnskap foretatt en endring av regnskapsprinsipp i og med at medlemskontigenter viser innbetalte kontigenter ( kontantprinsippet ) i motsetning til tidligere år hvor det på inntektssiden er ført opp fakturerte kontigenter og på utgiftssiden ikke innbetalte (tapsførte ) kontigenter. Utfakturerte kontigenter utgjorde i 2017 kr. 166.850, av disse er 48.600 ikke innbetalt. De tilsvarende tall for 2016 var 120.900 og 41.150.

# Vil du være med å lage TB-sangbok?

**Som det også går fram av årsmeldinga, har vi i TBV nå i flere år arbeidet med å samle inn TB-tekster, som det allerede er satt melodier til, eller tekster som vi har fått satt melodier til, for å gi de ut i ei "TB-songbok".**

Å arbeide fram ei sangbok med noter, er både kostbart og tidkrevende. Nå vet vi at den kommer ut på Lunde Forlag til sommeren. Men TBV må bære alle utgifter til å få fram denne «melodiboken» - ferdig til trykking.

Vi tror det er flere der ute som har tro for å støtte dette prosjektet. Ser du verdien av ei slik bok, så takkar vi for økonomisk støtte! Send gaven din til – **kontonr.: 3000 25 00015! Merk gaven "Gave TB-sangbok".**

Følg også med på www.bjerkrheim.no

Ei større samling av TB sine tekster med melodier, er en gave til det kristne arbeidet og til kristenlivet i landet!

**KE**

# TB om draumen sin

*Eg ber på ei bøn for mitt fedreland, den bøni i barmen bankar.*
*Eg kviskrar henne så tidt eg kan, og tenkjer dei varmaste tankar:*
*At Noregs folk vert eit Herrens folk*
*no ut mot tidi sin siste bolk.*



# Sikr deg den nye TB-songboka allereide no!

**No kan du allereide sikre deg den nye TB-sangboka – rett heim i postkassa.
Klipp ut og send inn, eller bruk tlf. eller e-post:**

Eg vil få tilsendt i posten ______ eksemplar av TB-songboka som kjem ut til sommaren – med vel 400 songar m/ melodiar.

Namn:______________________________________________ Tlf.: __________________________

Adr.: _________________________________________________________ Postnr.:______________

**PRIS/BETALING:**
Prisen på boka er kr. 399,- pr. stk. Å få ei bok tilsendt i posten vil totalt koste kr. 450,-
For to bøker – pris kr. 900,-. For tre bøker kr. 1300,-. For kvar bok i tillegg – pluss på kr. 400,-.

**FOR Å SIKRE DEG BOKA:**
Send slippen til: Arnt Thyve, Solheimslien 50, 5056 Bergen.
Eller gi beskjed per tlf.: 906 39 788 eller E-post: arnt21@hotmail.com

**BETALING:**
Set rett sum inn på Trygve Bjerkrheim venner-kontoen – 3000 25 00015.
Merk betalinga med «songbok» og namnet ditt.

NB! Bøkene vil bli sende ut i løpet av juli/aug. 2018.






# Trygve Bjerkrheim KONSERT

**i Misjonssalen, Grimstad,**
**lørdag 7. april kl. 18.00**

## Program der bl. a. disse blir med:

- Prosjekt-koret v/dirigent Torbjørn Krogedal
- Elisabeth Lillebø Sæth
- Sigrid Karine Belt
- Norveig Hodne Eikeland
- Harald Myklebust
- Allsang
- Kåre Ekroll forteller fra Bjerkrheims liv og forfatterskap

ALLE
HJERTELIG
VELKOMMEN!

Gratis entré.
Kollekt

Arr.: Trygve Bjerkrheims venner – www.bjerkrheim.no

# For han har omsorg

T: Trygve Bjerkrheim

M: Elisabeth Lillebø Sæth




For han har omsorg, treng du då å sørgje
og sleppe sorg og sukk og tungsinn inn?
Nei, du ei treng i angst og uro spørje,
når han har omsorg, råd og veg du finn.

For han har omsorg, og han sjølv går med deg.
Han held deg oppe med si allmakts hand.
Så kast då all di sut på han og gled deg,
han hjelper til du når heilt heim til han!



Ragnar Dirdal, Ålgård, som hele livet har vært opptatt av kristen sang og musikk, har vært nestformann i TBV-styret i tre år. Hele denne tiden har han vært med på å arbeide fram den nye TB-sangboka som etter planen skal lanseres i sommer.

> *«Nærmere femten prosent av sangene har fått helt nye melodier skrevet av forskjellige komponister. Her er mye spennende nytt sangmateriale til bruk for både forsamlinger, solister, sanggrupper og kor.»*
>
> Ragnar Dirdal om den nye TB-sangboka

# Livskraftig og klar kristendomsforståelse

**De klassiske sangene og melodiene som folk kjenner, er med. Men det er en ekstra berikelse å ha med alle de mer ukjente sangene som flere har fått et mer moderne, tidløst og spennende tonespråk.**

Av Ragnar Dirdal

Trygve Bjerkrheim (TB) er en av de største norske kristne sangforfattere i vår generasjon. Han har skrevet rundt 15.000 dikt og sanger, der 1500 av dem er tonesatt.

Flere av sangene hans er kjent i store deler av det norske folk - langt utover kristenfolkets rekker. For eksempel sangen «Det er makt i de foldede hender» var i en årrekke den mest spilte i NRKs «Ønskekonserten».

## LANSERING UNDER NLMS GENERALFORSAMLING

Det er dessverre bare et mindre antall sanger av Trygve Bjerkreims store produksjon som er kjent, og altfor mange sangperler har fram til nå ført en passiv tilværelse i arkivene. Trygve Bjerkreims Venner (TBV) har som hovedoppgave å løfte fram arven etter Trygve Bjerkreim, og i første omgang sangene hans. Derfor har vi samlet rundt 400 av de beste sangene i en sangbok som vi planlegger å lansere under Misjonssambandets generalforsamling i sommer. Sangene vil bli presentert med noter i besifret utgave. Noen sanger kommer med flere melodier, og nærmere femten prosent av sangene har fått helt nye melodier skrevet av forskjellige komponister. Her er mye spennende nytt sangmateriale til bruk for både forsamlinger, solister, sanggrupper og kor.

## STOR SPENNVIDDE

Trygve Bjerkrheims sanger har stor spennvidde. Han var interessert i folket, landet og naturen, men når vi kategoriserer sangene i boka, ser vi at det store flertallet av sangene dreier seg om Guds omsorg, himmelen, takk og tilbedelse, vekkelse og omvendelse og forsoning og rettferdiggjørelse.

## STORT BEHOV I VÅR TID

TBs sanger er bærer av en livskraftig og enkel, men klar kristendomsforståelse, som det er stort behov for i vår tid. De klassiske sangene og melodiene som folk kjenner, er med. Men det er en ekstra berikelse å ha med alle de mer ukjente sangene, som flere har fått et mer moderne, tidløst og spennende tonespråk.

**Boka anbefales til alle som er interessert i kristen sang og musikk, og spesielt til alle dere som søker nye tekster og melodier til bruk i forsamlingen, for solister eller ulike sanggrupper.**
**I den nye Trygve Bjerkreim-sangboka er det virkelig mye godt og verdifullt stoff å øse av.**
**Kjøp boka og syng deg glad – og gi den som gave til den yngre garde!**